

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	14.11.2022
Vår referanse	2022/65241-4
Dykkar referanse	202217869
Sakshandsamar	John Anton Gladso
E-post	John.Anton.Gladso@vlfk.no
Telefon	48225890

Fråsegn til søknad om nedtrapping av Nedre Sødalsvatnet - Bremanger kommune

Vi viser til søknad om å fråvike manøvreringsreglementet i Nedre Sødalsvatnet i Bremanger kommune.

Bakgrunn

SFE Produksjon AS søker om å senke Nedre Sødalsvatnet i Bremanger under lågaste regulerte vasstand (LRV) i perioden 15.01 til 15.06 2023. Dei skal gjere arbeid med ventilkammeret, og for å gjennomføre arbeidet må dei opne damluka. LRV er på 518,5 moh, medan nivået på terskelen på botntappeluka er 512,75.

Vurdering

Det er ei relativt tett aurestamme i vatnet, og vi venter ikkje at denne vert vesentleg påverka av tiltaket. Vatnet ligg i eit kartlagt viktig friluftsområde, men det er ingen registrerte turruter i tilknytning til vatnet. Dersom nedtappinga får ytterlegare konsekvensar for isen på vatnet enn dagens regulering bør det likevel opplysast om dette. Vi har ingen kulturminnefaglege merknadar til tiltaket.

Med helsing

Sveinung Klyve

seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

John Anton Gladso

seniorrådgjevar
NPI - Naturressursar, landbruk og reiseliv

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2